



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FA-F30
<b>Arkivsaksnr:</b> 22/186	<b>Løpenr:</b> 22/5872
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	28.07.2022	032/2022

## Eventuell busetting av flyktningar ut over måltal vedteke 07.04.2022

### 28.07.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FORM- 032/2022 Vedtak:

Det vert opna for at Samnanger kommune i 2022 kan busetta inntil fem ukrainske flyktningar i tillegg til talet på 30 som kommunestyret vedtok 07.04.2022 i KS-sak 017/2022. Eventuell busetting må gjerast etter avtale med IMDI og/eller UDI.

Rådmannen får fullmakt til å følgja opp og ta nødvendige avgjerder knytt til vedtaket, jf. punkt 2, 3 og 4 i kommunestyret sitt vedtak i KS-sak 017/2022.

Vedtaket er gjort med heimel i § 6.3 i Samnanger kommune sitt delegeringsreglement.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert opna for at Samnanger kommune i 2022 kan busetta inntil fem ukrainske flyktningar i tillegg til talet på 30 som kommunestyret vedtok 07.04.2022 i KS-sak 017/2022. Eventuell busetting må gjerast etter avtale med IMDI og/eller UDI.

Rådmannen får fullmakt til å følgja opp og ta nødvendige avgjerder knytt til vedtaket, jf. punkt 2, 3 og 4 i kommunestyret sitt vedtak i KS-sak 017/2022.

Vedtaket er gjort med heimel i § 6.3 i Samnanger kommune sitt delegeringsreglement.

### Dokument som er vedlagt:

Sammendrag - Bosettingsordninger for flyktningar fra Ukraina

### Dokument som ikkje er vedlagt:

- Saksutgreiing og vedtak 07.04.2022 – kommunestyresak 017/2022

([https://innsyn.sing.no/Samnanger/Innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2021013085&](https://innsyn.sing.no/Samnanger/Innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021013085&))

· Delegeringsreglement for Samnanger kommune

(<https://www.samnanger.kommune.no/reglement-vedtekter-planar/>)

## **Kva saka gjeld:**

### **Samandrag:**

Kommunestyret godkjende 07.04.2022 (KS-sak 017/2022) å busetja 30 flyktningar i 2022. På bakgrunn av ei konkret sak i kommunen, er det no behov for at formannskapet tek stilling til om kommunen vil vera villig til å busetja nokre fleire enn 30 flyktningar. Rådmannen foreslår at det blir opna for busetting av inntil 35 flyktningar.

### **Bakgrunnsinformasjon:**

Kommunestyret handsama 07.04.2022 sak 017/2022 «*Busetting av flyktningar 2022 – oppmodingstal frå Integrerings- og mangfaldsdirektorartet (IMDI)*». Kommunestyret vedtok der å godkjenna å busetja 30 flyktningar i tråd med oppmodingstal frå IMDI. Dette talet inkluderer ikkje eventuell familiegjenforeining.

Per i dag har 29 flyktningar frå Ukraina fått vedtak frå IMDI om busetting i Samnanger. Dei fleste av desse har no kome til Samnanger og fått bustad her. Dei siste av dei 29 vil truleg koma til Samnanger i løpet av første halvdel av august.

I tillegg til dei 29 som har fått vedtak frå IMDI, vil det også koma nokre få personar frå Ukraina til Samnanger på familiegjenforeining.

Kommunen v/ordføraren fekk for nokre veker sidan ein førespurnad frå ein innbyggjar i kommunen, om ein familie frå Ukraina (mor og to barn) som ønskjer å busetta seg i Samnanger. Dei er i slekt med ein medlem i husstanden til innbyggjaren. Dei har allereie kome til Noreg og leiger no ei leilegheit i Samnanger, som dei betalar for sjølv med oppsparte midlar. Så vidt kommuneadministrasjonen forstår, har dei no også fått stadfesting frå Utlendingsdirektoratet (UDI) på innvilga asyl/kollektiv beskyttelse. Dei har ikkje vedtak frå IMDI om busetting i Samnanger. På bakgrunn av «taket» på 30 flyktningar som kommunestyret vedtok 07.04.2022 og at 29 andre flyktningar frå Ukraina allereie har fått vedtak frå IMDI om busetting i Samnanger, vil det per i dag ikkje kunne gjerast vedtak om å busetja denne familien i Samnanger.

Dei fleste flykningar frå Ukraina blir busette med hjelp frå IMDI, ved at IMDI finn ein kommune dei kan bu i og gir dei tilbod om busetting der. Dei kan då ikkje sjølv velja kva kommune dei skal bu i, og dei får berre eitt tilbod. Dersom dei takkar nei til dette tilbodet, må dei skaffa seg bustad sjølv og klara seg sjølv økonomisk. Dei kan då i utgangspunktet bu kvar dei vil, men dei får då ikkje same rettar (økonomiske og andre) som andre flyktningar.

Ein variant av ordninga i avsnittet ovanfor, er at flykningen sjølv tek kontakt med kommunen ho/han ønskjer å bu i, for å spørja om kommunen ønskjer å inngå avtale om såkalla «selvbosetting». Dersom kommunen seier ja, må kommunen avtala dette med IMDI.

Det finst også andre variantar enn ordningane ovanfor, men desse blir ikkje omtalte i dette saksframlegget.

Kommuneadministrasjonen er også kjent med at det finst andre flyktningar frå Ukraina som ønskjer å bli busette i Samnanger, men som har fått vedtak frå IMDI om busetting i annan kommune. I slike tilfelle forhold kommunen seg til IMDI sitt vedtak.

Kommunen får økonomisk tilskot for flyktningar som blir busette her etter avtale med IMDI eller UDI. Tilskotet er meint å skulle dekke dei kostnadene kommunen har med busettinga. Tilsvarende får også flyktningar som blir busette gjennom avtale med IMDI eller UDI, økonomiske rettar og andre rettar.

På bakgrunn av førespurnaden som ordføraren har fått, jf. ovanfor i saksframlegget, er det ønskeleg at formannskapet tek stilling til om kommunen vil vera villig til å ta imot nokre fleire enn 30 flyktningar i 2022. Dersom formannskapet opnar for dette, vil kommuneadministrasjonen kunne gå i dialog med IMDI om eventuell busetjing av nokre flyktningar ut over dei 29 som allereie har fått vedtak om busetting i Samnanger.

Kommunen har ikkje fått oppmoding frå IMDI om å busetta meir enn 30 flyktningar i 2022.

Som vedlegg til denne saksutgreiinga følgjer eit samandrag av informasjon på nettsidene til IMDI og UDI om ordningar for busetting av flyktningar frå Ukraina.

### **Formannskapet sitt hastemynde**

Etter § 6.3 i Samnanger kommune sitt delegeringsreglement, har formannskapet mynde til å treffa vedtak i saker som ordinært skulle vore avgjort av kommunestyret, i dei høve det er nødvendig å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla kommunestyret, jf. kommunelova § 11-8. Melding om slikt vedtak skal leggjast fram for kommunestyret ved første høve.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Utgangspunktet til rådmannen er at vedtaket som kommunestyret gjorde 07.04.2022 om busetting av 30 flyktningar i 2022, ikkje opnar for at kommunen kan ta imot meir enn 30 (med unnatak av eventuell familiegjenforeining). Dette betyr at det per d.d. ikkje vil vera aktuelt å vurderer å inngå avtale med IMDI om busetting av dei flyktningane frå Ukraina som ordføraren har fått førespurnad om. Dersom det blir gjort politisk vedtak om å opna for å busetja meir enn 30 flyktningar i 2022, vil det kunne vurderast å inngå slik avtale.

Årsaka til at det no blir lagt fram ekstrasak i formannskapet 28.07.2022, er at det på bakgrunn av førespurnaden som ordføraren har fått, er behov for rask avklaring på om det kan opnast for å busetta nokre fleire enn 30 flyktningar i 2022.

Etter kommunestyret sitt vedtak 07.04.2022 har flyktningetenesta sitt arbeid vore basert på å leggja til rette for og skaffa bustader til busetting av inntil 30 flyktningar. Det er ikkje lagt opp til å ha kapasitet til busetting av fleire enn dette. Likevel vil det sannsynlegvis vera mogleg å skaffa bustad til for eksempel ein familie til, dersom dette blir aktuelt. Også bemanningsmessig vil det kunne bli utfordrande for flyktningetenesta dersom talet på flyktningar blir vesentleg høgare enn 30, men busetting av ein familie ekstra vil etter alt å døme vera handterbart.

I neste ordinære politiske møterunde (i september 2022) kan det vera ønskeleg å leggja fram ei sak om erfaringane så langt med mottak av flyktningar i 2022, og om vidare arbeid for kommunen. I ei slik sak vil det også kunne gjerast ei meir grundig vurdering av kor mange flyktningar kommunen vil kunne ha kapasitet til å ta imot.

Det er viktig at kommunen samarbeider med IMDI (og eventuelt UDI) om busetting av flyktningar, og at busetting av flyktningar skjer etter avtale med desse instansane. Dette er mellom anna viktig for å sikra finansiering for kommunen og rettar for dei som blir busette her. Dette prinsippet må også følgjast dersom formannskapet gjer vedtak om å opna for busetting av nokre fleire enn 30 flyktningar i 2022.

Kommunen har ikkje nødvendigvis full oversikt over eventuelle flyktningar frå Ukraina som har kome til Samnanger på eige initiativ og bur privat hos familie eller venner her. Når det gjeld busetting med hjelp frå kommunen, må kommunen forhalda seg til dei flyktningane som enten blir fordelte til kommunen gjennom vedtak frå IMDI eller som tek kontakt med kommunen sjølv.

Informasjon om formannskapet sitt hastemynde står ovanfor i saksframlegget. Formannskapet må sjølv avgjera om vilkåra for å gjera vedtak etter hastemynde er oppfylte i denne saka.

**Konklusjon:**

Etter ei samla vurdering vil rådmannen foreslå at formannskapet 28.07.2022 gjer vedtak om at det vert opna for at kommunen i 2022 kan busetta inntil fem flyktingar i tillegg til talet på 30 som kommunestyret vedtok 07.04.2022. Gjennom eit slikt vedtak vil det vera opning for å kunne busetja ein til to familiar ekstra. Eventuell busetting må gjerast etter avtale med IMDI eller eventuelt UDI, for å sikra økonomiske og andre rettar/forhold for både kommunen og flyktningane.

Det blir også foreslått at rådmannen får fullmakt til å følgja opp og ta nødvendige avgjerder knytt til vedtaket, jf. punkt 2, 3 og 4 i kommunestyret sitt vedtak 07.04.2022 i KS-sak 017/2022.